

OMSETNINGSRÅDET

PROTOKOLL fra møtet i Omsetningsrådet på Refsnes Gods

onsdag 14. juni kl 0930

(Møte nr 4 2000)

Møtet vart sett kl 0930.

Til stades: Sigurd Verdal, Steinar Hauge, Kirsten Indgjerd Værdal, Svein Kostveit, Torbjørn R. Skjerve, Jostein Frøyland, Oddmund Østebø, Oddrun Hokland, Tore Chr. Malterud, Øyvind Bergstrøm, Knut-Ole Brynildsen, Ole Festad Lund og Odd Harald Nordsveen

Forfall: Gabriel Joa og Johnny Hagen

Leiaren fastslo at møtet kunne gjere vedtak.

1. DAGSORDEN

Vedtak:

Dagsorden vert godkjent utan merknader.

2. GODKJENNING AV PROTOKOLL

Vedtak:

Protokoll fra møtet i Omsetningsrådet 23.04.1999 vert godkjent.

Innhald protokoll:

3.	Administreringa av marknadsreguleringa i grøntsektoren – Klage over vedtak om tilbakebetaling av tilskot til reguleringsanlegg	S. 3
4.	Forskrift om reguleringslagring av epler av avlingen i år 2000	S. 6
5.	Forskrift om nedskrivningstilskudd ved fabrikklevering av epler av avlingen i år 2000	S. 8
6.	Forskrift om billegalsaksjonar for eple av avlingen i år 2000	S. 10
7.	Opphevelse av vedtekt og avtale knyttet til Opplysningskontoret for frukt og grønnsaker	S. 13
8.	Markedsregulering i melkesektoren – Omsetningsavgift på melk I 2. halvår 2000	S. 14
9.	Markedsregulering i melkesektoren – Endring av nærmere bestemmelser for markedsregulators mottaksplikt innenfor melkesektoren	S. 16
10.	Markedsregulering i kjøttsektoren – Rente og pallehold 1. halvår 2000	S. 20
11.	Markedsregulering i fjørfessektoren – Satser for markedsregulerende tiltak i 1. halvår 2000	S. 21
12.	Overdragelse av verksemda i Omsetningsrådet sitt sekretariat til Statens landbruksforvaltning	S. 25
13.	Markedsregulering i melkesektoren – Fast rentesats 1. halvår 2000	S. 27
14.	Markedsregulering i kjøttsektoren – Administrasjonsgodtgjørelse 1999/2000	S. 28
15.	Møtedatoer 2. halvår 2000	S. 29

3. ADMINISTRERINGA AV MARKNADSREGULERINGA I GRØNTSEKTOREN – KLAGE OVER VEDTAK OM TILBAKEBETALING AV TILSKOT TIL REGULERINGSANLEGG

Omsetningsrådet gjorde 20.3.2000 følgjande vedtak:

”Med heimel i Stortinget si behandling av St prp nr 67 (1997-98) Jordbruksoppgjøret 1998, vedtek Omsetningsrådet at Gartnerhallen sitt ansvar for å administrere gjennomføringa av avsetningstiltaka i grøntsektoren vert ført over til Grøntprodusentenes Samarbeidsråd (GPS). Desse endringane vert iverksett frå 01.07.2000. Ansvaret for faglege tiltak og opplysningsarbeid vert overført til Omsetningsrådet.

Omsetningsrådet vil gjennomføre tilbakebetaling av ikkje avskrivne tilskot til reguleringsanlegg.

Omsetningsrådet vil leggje til grunn at resterande tilskot gitt til anlegg som pr. 31.12.1999 er eigd av lokale produsentlag, som ein hovudregel ikkje vil bli kravd tilbake. Det er eit vilkår at produsentlaget er organisert slik at berre lokale, aktive produsentar kan vere eigarar. Det er vidare eit vilkår at produsentlaget ikkje har tidsmessig uavgrensa bindingar til andre aktørar, eller at slike forhold er nedfelt i vedtektene. Produsentlaget må årleg rapportere til Omsetningsrådet om kor vidt det er gjort endringar i vedtektene.

Tilskot som er gitt til anlegg som av Omsetningsrådet sitt sekretariat er godkjende som fruktlager, vil som ein hovudregel ikkje bli kravd tilbake så lenge det er marknadsregulering av frukt.

Omsetningsrådet legg vidare til grunn at ein ikkje gjennomfører krav om tilbakebetaling overfor anlegg der anslått restbeløp av samla gitte tilskot ikkje overstig 100.000 kroner.

Arbeidsutvalet får fullmakt til å godkjenne GPS i forhold til dei krava som er stilt før 01.07.2000.”

I brev av 5.5.2000 klagar Gartnerhallen over vedtaket om tilbakebetaling. Tilbakebetalingskravet vert kravd gjort ugyldig pga

- mangelfull oppgjeving av heimel
- mangelfull grunngjeving
- utanforliggende omsyn
- manglande førehandsvarsling
- saksbehandlingsfeil

Kravet vert vidare sett på som urimeleg og det vert bedt om at Omsetningsrådet må dokumentere kva anlegg det gjeld og kor stort kravet er.

Adgangen til å klage er gitt i omsetningslova § 11, fjerde ledd.

Omsetningsrådet har gjennom vedtaket ikkje kravd midlar tilbake. Det følgjer imidlertid av eit vedtak om å avvike Gartnerhallen si rolle som marknadsregulator at dette spørsmålet automatisk vil dukke opp, etter retningsliner for tilbakebetaling av desse tilskota. Omsetningsrådet har vedteke at arbeidet med tilbakebetaling vil bli starta, og lagt føringar for korleis dette bør skje. Heimelen for å gjere eit slikt prinsippvedtak ligg både i den angitte heimelen i jordbruksoppgjeret og i Omsetningsrådet sin generelle styringsrett over midlane frå omsetningsavgiftene.

Vedtaket i jordbruksoppgjeret gir vide fullmakter til å gjennomgå administreringa av marknadsreguleringa. I dette ligg også administreringa av gitte tilskot både via Omsetningsrådet og direkte frå Landbruksdepartementet.

Midlar til reguleringsanlegg vart stilt til disposisjon både over fondet for omsetningsavgiftene for dei ulike produktgruppene og over jordbruksavtalen. Fullmakt til å disponere dei sist nemnde ligg i dei årlege jordbruksavtalane. Heimelen for dei aktuelle tilbakebetalingskrava vil imidlertid ligge i vedtaka som er gjort om dette 21.5.1979 og 27.11.1991. Gartnerhallen har selt alle sine anlegg til GRO-systemet, Bama og andre. Det følgjer av dei eksisterande regelverka at dette utløyser vurdering av krav om tilbakebetaling. Uansett om anlegga var selt eller ikkje, måtte utviklinga av Gartnerhallen si rolle som forvaltar av offentlege ordningar utløyse spørsmål om tilbakebetaling av tilskot gitt til formålet å oppretthalde kapasitet som regulator.

At den vedtekne omlegginga av reguleringa vil føre til krav om tilbakebetaling, er behandla både i møtet 12.4.1999 og 29.11.1999. I den siste protokollen vert det vist til at krav om tilbakebetaling må baserast på regelverket som gjeld for dette. Dersom ein skulle ynskje å foreslå at tilskota ikkje vart tilbakebetalt, ville dette for midlar gitt over jordbruksavtalen ha karakter av omdisponering av desse, og ei sak som eventuelt ville måtte fremmast som forslag for avtalepartane. Rådet har foreslått å ikkje avvike frå dei gjeldande retningslinene for tilskota. Forslaget er vidare begrunna i konkurranseforholda mellom Gartnerhallen/GRO-systemet og andre aktørar som etter omorganiseringane i utgangspunktet er likeverdige aktørar. Sitatet som det er vist til i pkt. 3.2 gjeld anlegg som er selt til lokale produsentinteresser.

Det vert i klagen påstått at det ikkje vart gitt uttrykkeleg føresetnader for tilskota at Gartnerhallen skulle verke som marknadsregulator. Det er imidlertid berre i regi av rolla som regulator at Gartnerhallen har disponert tilskot til ulike kostnader i marknadsreguleringa, m.a. til bygging av reguleringsanlegg. Frå og med jordbruksavtalen i 1962-63 vart beløp til reguleringsanlegg skilt ut som

eigen post og det vart lagt til grunn at midlane skulle brukast etter same praksis som for midlane frå omsetningsavgiftene. Jf. Sverre Lie: Omsetningsrådet gjennom 50 år, side 257.

At det ikkje hefter tvil om vilkåra for desse tilskota, går også fram av dei avtalane Gartnerhallen inngjekk hausten 1998, der det går fram at basert på Omsetningsrådet sitt vedtak av 21.5.1979, er det klart at transaksjonane som avtalen omtalar, kan medføre krav om tilbakebetaling av heile eller deler av dei løyvde beløpa. Desse avtalane har dei i sekretariatet som har fått dei, erklært ikkje å formidle vidare, utover å gi generell omtale og vurdering i innstilling til Arbeidsutvalet og Omsetningsrådet.

Gartnerhallen får tilsendt alle protokollar frå Arbeidsutvalet. Vedtaket om å vurdere tilbakebetaling er gjort 12.4.1999. Også gjennom muntleg kontakt har Gartnerhallen hatt rikeleg høve til å presentere sitt syn. Saka er førebuande behandla i Arbeidsutvalet 21.02.2000 og Gartnerhallen er gjort kjent med protokollen fra møtet og har kommentert den i brev av 15.03.00 og er i tillegg presentert i Omsetningsrådet. Det er ikkje klaga over vedtaket om å avvikle Gartnerhallen sitt marknadsregulatoransvar.

Når det gjeld spørsmålet om tilbakebetaling er urimeleg, kan dette først vurderast fullt ut når ein ser kva midlar det er tale om. Omsetningsrådet har ikkje gjort vedtak om tal anlegg eller kor store midlar det er snakk om, men har lagt til grunn visse anslag som grunnlag for å vurdere konsekvensane av avviklinga av regulatorrolla i ein vidare samanheng. Etter vår vurdering vil det vere svært urimeleg om visse aktørar skulle få behalde resten av støtta som er gitt til reguleringsanlegg som ei gåve. Dette vil verke konkurransevridande i forhold til andre aktører i hagebrukssektoren.

Vedtak:

Med heimel i omsetningslova § 11, fjerde ledd foreslår Arbeidsutvalet for Omsetningsrådet at det gjer følgjande vedtak:

Klagen frå Gartnerhallen av 5.5.2000, ved advokatfirma BAHR, vert ikkje teken til følgje, men oversendt til Landbruksdepartementet.

4. FORSKRIFT OM REGULERINGSLAGRING AV EPLER AV AVLINGEN I ÅR 2000

Tilskott til reguleringslagring gir godkjende produsentar og fruktlager kompensasjon for lagring av eple og pærer av klasse I i perioden 16.10.2000 til 30.11.2000. Ordninga er meint å motverke at all motteken vare blir sendt ut i

marknaden med ein gong. Tilskott til lagring av norsk frukt etter 01.12.2000 er i følgje gjeldande WTO-reglement ikkje tillate.

I St. meld. nr 19 er det fastslått å avvikle marknadsreguleringa for pærer. Dette er stadfesta gjennom behandlinga i Stortinget 9. mai 2000. Pærer vert difor teke ut av regelverket.

Frå 01.07.2000 blir Gartnerhallen sitt ansvar for å administrere gjennomføringa av avsetningstiltaka i grøntsektoren overført til Grøntproducentenes Samarbeidsråd (GPS).

På møte i Omsetningsrådet 10.06.1999 vart reguleringslagring av epler og pærer drøfta, og Samarbeidsrådet vart oppmoda om å kome med ei vurdering av effektane avsetningstiltaket har på prisutviklinga og varestraumen i marknaden, innan 01.03.2000.

Sekretariatet hadde den 09.05.2000 møte med representantar for Gartnerhallen og Norges Frukt- og Grønnsakgrossisters forbund for å få eventuelle innspel til endring av retningslinjene for dette avsetningstiltaket. Det vart teke utgangspunkt i brev av 08.05.2000 frå Gartnerhallen, der Samarbeidsrådet legg fram sine synspunkt på ordninga. Dei er positivt innstilte til ordninga, og viser til at effekten på prisnivået er størst i år med store avlingar.

Når det gjeld gjennomføring av ordninga går det fram av ovannemnde brev at Gartnerhallen meiner det må gjerast ei meir aktiv vurdering og fastlegging av kvantum og kvalitet som skal reguleringslagrast, og setjast strengare krav til lagringstid. Sekretariatet stiller seg kritisk til dette, då det føreset ein aktiv marknadsregulator. Som nemnt har ikkje grøntsektoren lenger ein økonomisk aktør som fungerer som marknadsregulator. GPS vil få ansvaret for gjennomføring av marknadsreguleringstiltak frå 01.07.2000. Det blir GPS som må kome med framlegg til sortar og kvantum for reguleringslagring.

I brevet av 08.05.2000 blir det òg vist til at lagringsgodtgjersla har vore uendra i mange år, og det vert gjort framlegg om at satsane for avlinga i år 2000 bør hevast for å kompensere for kostnadsauken dei siste åra. Satsane for lagringsgodtgjersle er ikkje endra sidan 1995. Sekretariatet meiner at det bør gjerast ei grundigare vurdering av effektane, før ein eventuelt hever satsane.

I ovannemnde brev står det at frukt- og grønnsakgrossistane og NKL meiner at partane i jordbruksavtalen har ansvaret for å vurdere om ordninga skal vidareførast og eventuelt nivået på tilskottet. På møtet vart det klarlagt at dei meiner at Omsetningsrådet har dette ansvaret.

Retningslinjer for reguleringslagring blir fastsett for eitt år og gjeld for avlinga dette året. Då retningslinjene har karakter av forskrift, gjer sekretariatet framlegg om å endre tittelen i samsvar med dette til "Forskrift om reguleringslagring...".

Til reguleringslagring av eple av avlinga i 1999 vart det brukt 289.075 kroner. Det vart ikkje iverksett reguleringslagring av pærer av avlinga i 1999.

Vedtak:

Med heimel i lov til å fremja umsetnaden av jordbruksvaror av 10.07.1936 § 11, første ledd, gjer Omsetningsrådet følgjande vedtak:

Forskrift om tilskudd til reguleringslagring av epler av avlingen i år 2000

Fastsatt av Omsetningsrådet 14.06.2000 med hjemmel i Lov til å fremja umsetnaden av jordbruksvaror av 10.07.1936 § 11, første ledd.

§1 *Virkeområde*

Av midler stilt til disposisjon under jordbruksavtalen for avsetningstiltak kan tilskudd gis til reguleringslagring av epler. Det er kun fruktlagre og produsenter som er godkjent av Omsetningsrådets sekretariat/Statens Landbruksforvaltning som kan delta i slik lagring. Godkjennelse, som forutsetter kjølelager, skal foreligge før 01.10.2000.

§ 2 *Vilkår*

Grøntprodusentenes Samarbeidsråd skal så snart en har oversikt over årets avling gi forslag til Omsetningsrådet om hvilke sorter og kvantum som skal reguleringslagres og fra hvilken dato reguleringen skal gjelde - dvs. reguleringsperiodens begynnelse. Ordningen gjelder bare kl I og bedre sortering av de sorter som er med i lagringsprogrammet. Lagerregistrering foretas per 16. og 30. i måneden. Klasse 1 som er satt av til fabrikklevering er ikke tilskuddsberettiget.

§ 3 *Kvantum*

De godkjente lagringsverter (fruktlagre/produsenter) skal ved første telledato per 16.10.2000 gi spesifiserte oppgaver over totale lagerbeholdninger, sortsfordeling og kvaliteter i den form som Grøntprodusentenes Samarbeidsråd krever. Videre skal det gis spesifisert oppgave over det kvantum av de forskjellige sorter som ønskes reguleringslagret. Omsetningsrådets arbeidsutvalg fastsetter øvre grense for lagringskvantum med tilskudd for henholdsvis pærer og epler. Grøntprodusentenes Samarbeidsråd kan om nødvendig begrense kvantumet hos den enkelte lagringsvert. Minstekvantum for å bli med i reguleringslagringen er 5000 kg for den enkelte sort.

§ 4 *Satser*

For reguleringslagret vare gis en lagringsgodtgjørelse med kr 0,25 pr kg for det laveste kvantumet av de to første telledatoene. Ved telledatoene 16.11 og

30.11 er satsen kr 0,40 pr kg. Lagringsgodtgjørelse kan ikke gis etter 1. desember.

§ 5 *Søknad*

Søknad om lagringstilskudd etter pkt 4 sendes til Grøntprodusentenes Samarbeidsråd.

5. FORSKRIFT OM NEDSKRIVINGSTILSKUDD VED FABRIKKLEVERING AV EPLER AV AVLINGEN I ÅR 2000

Retningslinjene blir fastsett for eitt år, og gjeld for avlinga dette året. Grøntprodusentenes Samarbeidsråd har frå 01.07.2000 ansvaret for gjennomføringa av ordninga.

I St. meld. nr 19 er det fastslått å avvikle marknadsreguleringa for pærer. Dette er stadfesta gjennom behandlinga i Stortinget 9. mai 2000. Pærer vert difor teke ut av regelverket.

Sekretariatet hadde 09.05.2000 møte med representantar for Gartnerhallen og Norges Frukt- og Grønnsakgrossisters Forbund for å få eventuelle kommentarar. Det kom framlegg om å auke satsen for tilskott til fabrikklevering til 1,35 kroner per kg. Formålet med tilskott til fabrikklevering av eple er å sikre produsentprisen ved fabrikklevering, dvs. kompensere for prisdifferansen mellom omsetning til konsum og omsetning til fabrikk. Satsen vart sist endra frå 1,00 kroner til 1,20 kroner i 1996. Tabellen nedanfor viser utviklinga i middels vegd noteringspris (i Oslo) for eple og pærer (sortar som blir noterte i samband med jordbruksavtalen) frå 1995 og fram til i dag. Prisane er gitt i øre pr. kg.

År	Eple	Pærer
1995	597	588
1996	684	571
1997	671	539
1998	676	565
1999	833	622

Av tabellen ser ein at det ikkje har vore nokon tydeleg tendens til auke i pris frå 1996, då satsen sist vart endra, og fram til og med 1998. Avlinga i 1999 var svært låg, og epla/pærene dette året vart difor selt til spesielt gode prisar. På grunnlag av dette ser sekretariatet ingen grunn til å auke satsen for nedskrivningstilskott til fabrikklevering av eple.

Då retningslinjene har karakter av forskrift, gjer sekretariatet framlegg om å endre tittelen i samsvar med dette til ”Forskrift om nedskrivningstilskudd...”.

Tidlegare år har leveransane til fabrikk vore:

	Eple	Pærer
1995:	4800 tonn	97 tonn
1996:	394 tonn	
1997:	496 tonn	97 tonn
1998:	1585 tonn	116 tonn

Marknadssituasjonen i 1999 ga ikkje grunnlag for leveranse av eple og pærer kl. I av 1999 års avling til fabrikk.

Vedtak:

Med heimel i § 11 i omsetningsloven av 10.07.1936 § 11, første ledd gjer Omsetningsrådet følgjande vedtak:

Forskrift om nedskrivningstilskudd ved fabrikklevering av eple av avlingen i år 2000

Fastsatt av Omsetningsrådet 14.06.2000 med hjemmel i Lov til å fremja umsetnaden av jordbruksvaror av 10.07.1936 § 11, første ledd.

§ 1 *Virkeområde*

Av midler stilt til disposisjon under jordbruksavtalen for avsetningstiltak gis det for epler av kvalitet kl I som blir levert til fabrikk som industrifrukt, et tilskudd på inntil kr 1,20 pr kg innanfor en ramme på 5 millioner kroner.

§ 2 *Vilkår*

Tilskuddsberettiget er yrkesprodusenter, fruktlagre, fruktsalgslag og grossister. For å få tilskudd må det leveres minst 2000 kg tilskuddsberettiget vare, jfr pkt 1. Leverandøren må selv gjøre avtale med mottaker (fabrikk) om levering.

§ 3 *Innmelding*

Epler av kvalitet kl I som skal leveres til fabrikk skal på forhånd meldes til Grøntprodusentenes Samarbeidsråd. Meldingen til Grøntprodusentenes Samarbeidsråd skal inneholde oppgave over det kvantum som ønskes levert samt angivelse av sort, kvalitet, sted og tid for levering. Det skal foretas kontroll av kvalitet og kvantum.

§ 4 *Søknad om nedskrivningstilskudd*

Søknad om nedskrivningstilskudd må sendes Grøntprodusentenes Samarbeidsråd innan 1 måned etter at fabrikklevering er avsluttet for

sesongen. Med søknaden skal følge gjenpart av avregning/veieseddel fra fabrikken. Avregningen/veieseddelen skal vise leveringsdato, kvantum, sort, kvalitet, pris og hvem som har levert varen. Det skal ikke utbetales tilskudd for varer som ikke er innmeldt til av Grøntprodusentenes Samarbeidsråd i samsvar med pkt 3.

Grøntprodusentenes Samarbeidsråd sender samlet oppgave over fabrikklevering til Omsetningsrådet innen 1. mars.

§ 5 *Frakttilskudd*

Ved levering av epler etter denne forskriften, gis det et frakttilskudd på kr 0,10 pr kg for transportlengder mellom 100 og 200 km, kr 0,20 pr kg for transportlengder mellom 200 og 300 km og kr 0,30 pr kg dersom transportlengden er over 300 km.

§ 6 *Søknad om frakttilskudd*

Søknad om frakttilskudd sendes Gartnerhallen. Med søknaden skal følge gjenpart av avregning fra fabrikken. Avregningen skal vise leveringsdato, kvantum, sort, kvalitet, pris og hvem som har levert varen.

6. FORSKRIFT OM BILLEGSALSAKSJONAR FOR EPLE AV AVLINGEN I ÅR 2000

Grøntprodusentenes Samarbeidsråd tek frå 01.07.2000 over ansvaret for gjennomføringa av ordninga med bruk av avsetningsmidlar til billegsal av eple og pærer. Dette ansvaret ligg fram til den tid hjå Gartnerhallen.

Sekretariatet hadde 09.05.2000 møte med representantar for Gartnerhallen og Norges Frukt- og Grønnsakgrossisters Forbund for å få eventuelle kommentarar. Det vart sagt at erfaringsvis er det vanskeleg å få heva prisane på dei behaldningane av eple og pærer som er att etter ein billegalsaksjon, og det vart stilt spørsmål ved prisutviklinga dersom ikkje dette avsetningstiltaket vart brukt. Dette spørsmålet er vanskeleg å finne noko eintydig svar på, men i år med store avlingar er det mogleg at prisnivået uansett ville ha kome ned på billegalsnivå. Det vart og gitt uttrykk for at billegalsaksjonar kan føre til skeivfordeling mellom grossistar. Det kom ikkje konkrete forslag til endring av retningslinene. Sekretariatet kjem heller ikkje med framlegg om endringar, men meiner iverksetjing av tiltak bør vurderast kritisk p.g.a. uvissa kring effekten av avsetningstiltaket.

I St. meld. nr. 19 er det fastslått å avvikle marknadsreguleringa for pærer. Dette er stadfesta gjennom behandlinga i Stortinget 9. mai 2000. Pærer vert difor teke ut av regelverket.

Billegsal av eple vart sist brukt for eple av 1995 års avling. Då vart det gjennom tiltaket omsett 2,5 mill kg eple, til ein samla kostnad på 4,6 millioner kroner. Dette tilsvara nesten halvparten av det volumet som låg på lager 1. november det året. Ved siste billegsal var det ingen av leverandørane som er att i dag som hadde under 2000 kg i kvote. Sekretariatet gjer difor framlegg om å heve grensa for minsteleveranse innmeldt til billegsal frå 500 kg til 2000 kg (pkt. 5 i retningslinene).

Retningslinjer for billegalsaksjonar for eple av år 2000 avlinga blir fastsett for eitt år og gjeld for avlinga dette året. Då retningslinjene har karakter av forskrift, gjer sekretariatet framlegg om å endre tittelen i samsvar med dette til "Forskrift om billegalsaksjonar...".

Vedtak:

Med heimel i § 11 i omsetningsloven av 10.07.1936 § 11, første ledd gjer Omsetningsrådet følgjande vedtak:

Forskrift om billigsalgsaksjoner for eple av avlingen i år 2000

Fastsatt av Omsetningsrådet 14.06.2000 med hjemmel i Lov til å fremja umsetnaden av jordbruksvaror av 10.07.1936 § 11, første ledd.

- § 1 *Virkeområde*
Billigsalg kan settes i verk som markedsregulerende tiltak i medhold av jordbruksavtalens pkt. 3.2. Vedtak om iverksettelse gjøres av Omsetningsrådets arbeidsutvalg etter forslag fra Grøntprodusentenes Samarbeidsråd.
- § 2 *Vilkår*
Grøntprodusentenes Samarbeidsråd skal fremme forslag om kvantum, sorter, kvaliteter, priser og tidspunkt for billigsalget.
- § 3 *Kvote*
Engrosledd som tar imot epler direkte fra produsenter eller pakkerier er berettiget til kvote av det samlede kvantum som skal prisnedskrives ved billigsalget. Med engrosledd forstås omsetningsledd som i medhold av regler for tilskudd i grøntsektoren er godkjent som grossist.
- § 4 *Oppgaver*
De som er berettiget til kvote ved billigsalg og som ønsker å benytte denne rett, plikter å gi spesifiserte oppgaver over lagerbeholdninger, sortsfordeling og kvaliteter til Grøntprodusentenes Samarbeidsråd. Oppgavene skal gis i den form og til de tider som Grøntprodusentenes

Samarbeidsråd krever. Engrosleddene må akseptere at oppgaver over lagerbeholdninger blir kontrollert i den grad det anses nødvendig.

Med lagerbeholdning forstås det kvantum som engrosleddet har på eget lager av vedkommende vareslag og som er mottatt fra produsenter eller pakkerier samt det kvantum som engrosleddet har avtale med produsenter eller pakkerier om senere mottak av.

Ved gjennomføring av salgsaksjoner plikter de omsetningsledd som deltar i ordningen å følge de priser og bestemmelser som blir fastsatt for aksjoner.

§ 5 *Fordeling av kvantum*

Det samlede kvantum ved et billigsalg fordeles på kvoteberettigede som søker om kvote. Fordelingen foretas av Grøntprodusentenes Samarbeidsråd på grunnlag av siste lagertelling. Kvoter under 2 000 kg tildeles ikke.

§ 6 *Søknad*

Søknad om utbetaling av prisnedskrivningstilskudd sendes Grøntprodusentenes Samarbeidsråd. Frist for innsending av søknad om prisnedskrivningstilskudd er 1 – en – måned etter billigsalgperiodens utløp. Med søknaden skal følge gjenpart eller kopi av nummererte salgsdokumenter som viser salgsdato, vareslag, kvantum, kvalitet, pris og hvem som har mottatt varen. Salg av frukt som er innkjøpt til nedskrevet pris skal dokumenteres på samme måte som salg av egen kvote.

Prisnedskrivning utbetales for dokumentert salg til nedskrevet pris etter fradrag for kvantum innkjøpt til nedskrevet pris og oppad begrenset til den tildelte kvote.

§ 7 *Taushetsplikt, regnskap*

Grøntprodusentenes Samarbeidsråds ansatte som behandler søknader om prisnedskrivning, har taushetsplikt om de forretningsmessige forhold de blir kjent med gjennom behandling av søknader.

Grøntprodusentenes Samarbeidsråd skal avlegge regnskap for Omsetningsrådet innen 2 – to – måneder etter at billigsalget er avsluttet.

7. OPPEVELSE AV VEDTEKT OG AVTALE KNYTTET TIL OPPLYSNINGSKONTORET FOR FRUKT OG GRØNNSAKER

Opplysningskontoret for frukt og grønnsaker (OFG) er i dag administrativt underlagt Omsetningsrådet, som har arbeidsgiveransvaret og tilsetter daglig

leder, og som godkjenner budsjett og regnskap for OFGs bruk av omsetningsavgiften, dels også andre midler over statsbudsjettet. Omsetningsrådet er øverste styringsorgan for kontoret, jf. vedtektene for OFG av 01.12.1992.

Samordning av den sentrale landbruksforvaltningen vil medføre at Omsetningsrådets sekretariat blir en del av et statlig forvaltningsorgan.

Styret i OFG har på denne bakgrunn diskutert mulige nye organisasjonsformer for OFG og foreslått at OFG omdannes til en stiftelse. Arbeidsutvalget og Omsetningsrådet behandlet denne saken i sitt møte henholdsvis 21.02.2000 og 20.03.2000. Omsetningsrådet gjorde slikt vedtak:

”Omsetningsrådet foreslår for avtalepartene i årets jordbruksoppgjør at OFG omorganiseres som en stiftelse og med de vedtekter som OFG har foreslått i brev av 11.01.2000. Det presiseres at Omsetningsrådet stiller vilkår for tildeling av midler til opplysningsarbeid for frukt og grønnsaker og for den rapportering som skal skje om bruken av midlene.”

Med forbehold om avtalepartene sin godkjenning av OFG som stiftelse, foreslår sekretariatet at vedtekter for OFG, fastsatt av Omsetningsrådet 01.12.92, og avtale mellom A.L. Gartnerhallen og Omsetningsrådet av 14.12.1992 om overtakelse av arbeidsgiveransvaret for OFG oppheves.

Etter at OFG er godkjent og etablert som stiftelse, bør det opprettes en avtale mellom Omsetningsrådet og Stiftelsen OFG om overtakelse av arbeidsgiveransvaret. Avtalen bør inneholde bestemmelser om når Stiftelsen OFG skal overta arbeidsgiveransvaret, hvem som skal være ansatt og de ansattes lønn og arbeidsvilkår. Inngåelse av slik avtale er drøftet med OFG sin daglige leder.

Vedtak:

På bakgrunn av at Omsetningsrådets sekretariat legges ned fra 01.07.2000 og Omsetningsrådets vedtak som foreslår for avtalepartene i årets jordbruksoppgjør at OFG omorganiseres som en stiftelse, foreslår Arbeidsutvalget følgende for Omsetningsrådet:

Vedtekter for Opplysningskontoret for frukt og grønnsaker, fastsatt av Omsetningsrådet 01.12.92 oppheves.

Avtale mellom A.L. Gartnerhallen og Omsetningsrådet av 14.12.92 om overtakelse av arbeidsgiveransvaret for Opplysningskontoret for frukt og grønnsaker erstattes av en ny avtale mellom Omsetningsrådet og Stiftelsen Opplysningskontoret for frukt og grønnsaker.

8. MARKEDSREGULERING MELKESEKTOREN - OMSETNINGSAVGIFT PÅ MELK I 2. HALVÅR 2000

I brev av 19.05.2000 legger TINE Norske Meierier fram en vurdering omkring behovet for endring av omsetningsavgiften for melk for 2. halvår 2000. Av brevet går det frem at TINE Norske Meierier mener at det er grunnlag for å videreføre omsetningsavgiften på 16 øre pr. liter også for 2. halvår 2000. Dette forslaget er ikke styrebehandlet i TINE Norske Meierier, og det tas forbehold om dette.

Siden 1997 har omsetningsavgiften vært som vist i tabellen nedenfor.

År	1. halvår	2. halvår
1997	1 øre/ltr	22 øre/ltr
1998	22 øre/ltr	24 øre/ltr
1999	20 øre/ltr	14 øre/ltr
2000	16 øre/ltr	

Markedssituasjonen

I prognosene fra oktober 1999 ble det lagt til grunn en produksjon på 1.580 mill. liter melk i 2000, hvorav 20,6 mill. liter geitemelk. Med utgangspunkt i oppdaterte tall fra Prognoseutvalget for melk er det beregnet en leveranse på totalt 1565 mill. liter ku- og geitemelk for 2000. Dette fordeler seg med 815 mill. på 1. halvår og 750 mill på 2. halvår

I prognosene fra oktober i fjor fra TINE Norske Meierier ble de totale reguleringskostnadene i melkesektoren i 2000 beregnet til ca 278 mill. kr, fordelt med henholdsvis 169 mill. kr og 109 mill. kr på 1. og 2. halvår. Oppdaterte prognoser viser en reduksjon på 6,8 mill. kroner. I brevet sier TINE Norske Meierier at reguleringskostnadene forventes å bli redusert med 19 mill. kroner i forhold til oppinnelige prognoser. Differansen mellom 19 og 6,8 mill. kroner skyldes at TINE Norske Meierier i sitt brev også har inkludert merkevareeksporten som det ikke gis støtte til fra fondet.

Fondet for omsetningsavgift på melk

Fondet for omsetnings- og overproduksjonsavgift ble redusert med 87,9 mill. kroner i 1999, og var pr. 1.1.2000 på 40,6 mill. kroner.

For å ha dekning i fondet gjennom hele året bør fondet ha en størrelse på minimum 3 måneders normalt forbruk. Dette p.g.a. at avgiften betales inn i fondet 1½ mnd etter den måneden kostnaden oppstår, og p.g.a. at

overproduksjonsavgiften, som utgjør 20-25 mill. kroner, i vesentlig grad først innbetales i februar. I tillegg bør fondet være robust nok til å tåle en del svingninger p.g.a. av situasjoner som det kan være vanskelig å forutse i prognosene. Dette impliserer et fond på 60 - 70 mill. kroner.

I tabellen nedenfor har vi presentert regnskap for fondet for 1999 og budsjettet som ble vedtatt i Omsetningsrådet 29.11.99. I tillegg har vi satt opp sekretariatet sitt forslag til budsjett med utgangspunkt i de oppdaterte prognosene fra TINE Norske Meierier, samt en justering av forventet overproduksjonsavgift fra 30 til 20 mill. kroner. I dette budsjettet er omsetningsavgiften forutsatt å øke med 2 øre pr. liter til 18 øre pr. liter for 2. halvår i år. Dette vil gi et fond ved utgangen på året på 56,5 mill. kroner. Med utgangspunkt i en melkemengde på 750 mill. liter melk i 2.halvår vil en endring på 1 øre pr. liter føre til en endring i fondet på 7,5 mill. kroner. TINE Norske Meierier sitt forslag på 16 øre impliserer at fondet holdes uendret i løpet av 2000.

	<i>Regnskap</i>	Budsjett 2000	
	1999	Vedtatt 29.11.1999	Forslag til 14.6.2000
Fond 01.01	128 477	39 400	40 623
Omsetningsavgift	286 189	253 000	265 000
Overprod.avgift	24 800	30 000	20 000
Renter	4 526	1 000	3 000
INNTEKTER	315 515	284 000	288 000
Markedsregulering	392 084	268 000	261 000
Faglig/opplysning.	10 100	9 900	9 900
Adm. Oms.rådet	1 173	1 000	1 200
UTGIFTER	403 357	278 900	272 100
Fond 31.12	40 623	44 500	56 500
FONDSENDRING	-87 854	5 100	15 900

Ut fra ønsket om en økning av fondet, samt at en bør unngå for store svingninger i satsen, vil sekretariatet foreslå at satsen settes til 18 øre pr. liter i 2. halvår 2000. Det bør tas sikte på at fondet i løpet av 2001 økes for å oppnå ønsket størrelse.

Arbeidsutvalget vedtok i møte 20.3.2000 at det kortsiktige lånet til prisutjevningsordningen for melk i skal være innfridd innen 30.6.2000. Ved årsskiftet var lånet på 30,8 mill. kroner, og det var pr. 15.5.2000 på 6,4 mill. kroner. Dette lånet er ikke inkludert i tabellen ovenfor. Størrelsen på fondet samt lånet til prisutjevningen har gjort at det i deler av 1. halvår ikke har vært dekning i fondet til å dekke løpende markedsreguleringskostnader i 1. halvår i år. Dette understreker viktigheten av å ha tilstrekkelig størrelse på fondet.

Vedtak:

Med hjemmel i § 5 i Omsetningsloven gjør Omsetningsrådet følgende vedtak:

Omsetningsrådet foreslår for Landbruksdepartementet at omsetningsavgiften på ku- og geitmelk blir fastsatt til 18 øre pr. liter i 2. halvår 2000.

9. MARKEDSREGULERING I MELKESEKTOREN - ENDRING AV NÆRMERE BESTEMMELSER FOR MARKEDSREGULATOR S MOTTAKSPLIKT INNENFOR MELKESEKTOREN

Gjeldende markedsordning for melk trådte i kraft 1.7.97. Til denne ordningen ble det vedtatt "Retningslinjer for bevilgninger til reguleringstiltak innenfor melkesektoren". Videre ble det i Omsetningsrådet 13.5.97 med hjemmel i artikkel XI i retningslinjene vedtatt "Nærmere bestemmelser for markedsregulators mottaksplikt innenfor melkesektoren". Disse ble sist endret 20.3.2000.

I forbindelse med Omsetningsrådet sin behandling av Gausdalsmeieriet AS sin klage på mottakspliktsbestemmelsene ble det vedtatt å foreta en evaluering av disse i første halvår år 2000.

